



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Folgefonnsenteret, Rosendal

**Dato:** 10.03.2025

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold   | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|---|--------|--------------|
| ST 13/25       | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |        |              |
| ST 14/25       | Val av styremedlem til å skrive under protokollen   |        |              |
| ST 15/25       | Folgefonna nasjonalpark - søknad om organisert hundekøyring i nasjonalparken  |        | 2023/13980   |
| ST 16/25       | Folgefonna nasjonalparkstyre - Fordeling og prioritering av tiltaksmidlar for 2025  |        | 2024/16502   |
| ST 17/25       | Revidering av forvaltningsplan til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025                 |        | 2024/16502   |
| ST 18/25       | Referatsaker  |        |              |
| RS 9/25        | Innfallsporren til Folgefonna nasjonalpark i Jondal - uttale - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025                              |        | 2024/16502   |
| RS 10/25       | Etterspør informasjon frå kommunen - Folgefonna nasjonalpark - kjøre hundeslede - Monica Hundseid                             |        | 2023/13980   |
| RS 11/25       | Invitasjon til å feire Folgefonna nasjonalpark 20 år, FNs breår og friluftslivets år 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025 |        | 2024/16502   |
| RS 12/25       | Omgjøring av vedtak om sikringshytte i Folgefonna nasjonalpark  |        | 2024/789     |
| RS 13/25       | Skjøtsel og kjøring av ved  |        | 2024/16502   |
| ST 19/25       | Delegerte saker   |        |              |
| DS 4/25        | Korrigert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til å fly med drone - Flimmer Film                                |        | 2025/2506    |
| DS 5/25        | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Fonnabu - Bergen og Hordaland turlag                  |        | 2020/8428    |
| DS 6/25        | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel i utmark - Odda - Nancy Langva                                       |        | 2025/1051    |
| DS 7/25        | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - snøskuter - Espeland - Grønsdalstølen - Ormannshaug                |        | 2024/18710   |

**ST 13/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 14/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2023/13980-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 24.02.2025

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 15/25     | 10.03.2025 |

## Folgefonna nasjonalpark - søknad om organisert hundekøyring i nasjonalparken

### Innstilling frå forvaltar

Monica Hundseid får særskilt løyve til å kjøre hundeslede inn i Folgefonna nasjonalpark i samband med organisert turverksemd. Løyve er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5.2.

#### For løyvet gjeld følgande vilkår:

- Løyvet gjeld i perioden 01.05.25 -15.07.25
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar dagleg (tur/retur) med start frå Fonna Sommarskisenter, og med inntil 5 hundesledar per tur.
- All tilrettelegging og opphald for hundar skal skje utanfor nasjonalparken, på område i tråd med løyve frå Ullensvang kommune.
- Hundebæsj og anna eventuelt avfall skal plukkast opp og ikkje etterlatast inne i nasjonalparken.
- Dersom baseområdet genererer støy som sjenerer andre brukarar av nasjonalparken, må drifta avsluttast.
- Tiltakshavar må søkje og få løyve til aktiviteten frå Ullensvang kommune for at dette løyvet skal vere gyldig.

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om hundekøyring frå Monica Hundseid
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark
- Saksframlegg med vedtak frå 07.01.2025
- Fråsegn frå Ullensvang kommune

### Bakgrunn

Monica Hundseid har søkt om løyve til å køyre hundeslede inne i nasjonalparken i samband med eit planlagt reiselivsinitiativ. Ho ønskjer å ta med turistar på hundekøyring i tidsrommet mai, juni og eventuelt halve juli i 2025, om føret tillèt det. Planen er å ta med turistar på inntil to turar dagleg (morgon og kveld) med inntil 5 hundesledar per tur. Tal på turar vil avhenge stort av ver og føre og interessa blant turistar. Ho har vore i kontakt med Fonna Sommarskisenter som har peikt ut ein stad til dei ca. 30 hundane på ein fjellknaus, litt til sides for skisenteret. Hundebæsj vil plukkast opp langs løypa.

Saka vart handsama av Folgefonna nasjonalparkstyre i møte 7.januar. Nasjonalparkforvaltar innstilte på å gje løyve til organisert hundekøyring inn i nasjonalparken på visse vilkår. Nasjonalparkstyret var usikre på om dette var tilrådeleg med tanke på negative effektar på anna verksemd. Styret utsette saka og bad forvaltar om å undersøkje med kommunen og andre aktørar.

Ullensvang kommune har blitt kontakta og har svart på nokre spørsmål (sjå vedlegg). Dei er ikkje kjent med at tiltakshavar har vore i kontakt med kommunen og kjenner ikkje til at tiltakshavar har søkt om tiltaket. Slik dei vurderer den informasjonen dei har om tiltaket og aktiviteten, er dette søknadspliktig. Her har vi altså eit tilhøve som må ordnast opp i før aktiviteten eventuelt kan halde fram. Det er utanfor nasjonalparkstyret sitt mandat og kontroll, men styret kan sette vilkår om dette i eit eventuelt løyve.

Det er enno usikkert kva konkurransen på skisenteret vil ha å seie for aktivitet og tilbod i innfallsporten framover, men kommunen melder at dei har god dialog med bustyrar og at det er kommunen som har ansvar for vegen opp til skisenteret.

For grundig saksutgreiing ut over det som er kommentert her, viser eg til saksutgreiinga til styremøte 7.januar.

### Handsaming i møte

Det blir ei vurdering for styret kor vidt ein skal gje løyve til organisert hundekøyring, eller om dei negative verknaden som breførarlaget har meldt inn, skal vektleggast tyngre.

Uansett bør ein passe på at ein i eit eventuelt løyve har vilkår som sikrar at naudsynte avklaringar og løyve frå kommunen er på plass.



Arkivsaksnr: 2024/16502-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 24.02.2025

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 16/25     | 10.03.2025 |

## Folgefonna nasjonalparkstyre - Fordeling og prioritering av tiltaksmidler for 2025

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre fordeler dei tildelte tiltaksmidlane for 2025 slik:

|                                  |         |
|----------------------------------|---------|
| Prosjektere innfallsport Bondhus | 150.000 |
| Stirestaurering Bondhusdalen     | 340.000 |
| Fjerne frøspreidd gran           | 100.000 |

Vedlikehald av stinett og innfallsportar vert dekkja av grunnstøtte til infrastrukturtiltak.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler til Folgefonna for 2025
- Tildeling av tiltaksmidler til Folgefonna for 2025 frå Miljødirektoratet

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



### **Fakta i saka**

Folgefonna nasjonalparkstyret søkte om totalt kr 2.462.000 i tiltaksmidler til Folgefonna i 2025, fordelt på sju ulike tiltak. Litt over 1,5 MNOK av denne summen er tilknytt reoperasjon av buføringsveg i Sandvikedalen etter flaum, som og er det tiltaket som har høgaste prioritet.

Miljødirektoratet har no handsama søknaden og fordelt årets tiltaksmidler frå statsbudsjettet. Dei har gått gjennom lista over tiltak og vurdert dei. Nokre er godkjent og andre er ikkje blitt godkjent for bruk av tiltaksmidler.

Folgefonna har fått 590.000 til tiltak i 2025. Det er knapt ein fjerdedel av det som vart søkt om. Det er berre tre av dei sju tiltaka som er godkjende av direktoratet, og det er prosjektering av innfallspørt i Bondhusdalen, stirestaurering i Bondhusdalen og fjerning av gran. Den tildelte summen dekkjer det som vart søkt om for dei tre godkjende tiltaka.

Reoperasjon av buføringsvegen i Sandvikedalen etter flaum vart ikkje godkjent. Det vert vist til kommunikasjon om dette tiltaket tidlegare, der Miljødirektoratet gjev uttrykk for at denne reoperasjonen hovudsakleg må finansierast frå andre kjelder. Naturskadefondet og landbruket sine støtteordningar er nemnt, sidan buføringsvegen først og fremst er for beitedyr og sidan kulturlandskapet ikkje er ein del av verneføremålet. Ut i frå dialogen med Miljødirektoratet kan det kanskje vere aktuelt med eit spleiselag der tiltaksmidlane er med å bidreg saman med andre kjelder.

Løypande vedlikehald av stinett og innfallspørtar er ikkje godkjent. Her kan ein nok nytte Grunnstøtte til infrastrukturtiltak som nasjonalparkstyret har fått i tillegg til tiltaksmidlane. Her har Folgefonna fått 100.000, som er same summen som er søkt om. Det er ganske frie midlar og dei er nettopp tiltenkt denne typen arbeid og tiltak.

Tiltak for eller kartlegging av sårbar kvartærgeologi og tiltaksplan for kulturminne er begge definert til å vere utanfor postføremålet for tiltaksmidlane og er derfor ikkje godkjent. Begge tiltaka er truleg vurdert for planmidlar, men her er det lite midlar og nålauget trongt.

### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkstyret skal prioritere og eller fordele dei tildelte midlane, slik at tiltak med finansiering kan settast i gong. Det vil vere naturleg om styret tek utgangspunkt i den prioriteringa som vart lagt til grunn då søknaden vart sendt inn, men styret står fritt til å endre både prioritering og summar på dei ulike tiltaka.

Med bakgrunn i tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet er det mest nærliggande å fordele midlane på dei godkjende tiltaka. Det er alle gode og relevante tiltak som skal vere greie å sette i gang. Men dersom styret vil, kan ein og prøve å få klarheit i om det går an å få til eit spleiselag kring buføringsvegen i Sandvikedalen og om midlane i so fall kan brukast der. I so fall må ein naturlegvis halde att midlane til det er avklara og so vurdere ei anna fordeling etter det.





Arkivsaksnr: 2024/16502-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 03.03.2025

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 17/25     | 10.03.2025 |

## Revidering av forvaltningsplan til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre sender utkast til forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet.

### Saksopplysningar

Forvaltningsplanen skal vere eit styringsverktøy i arbeidet med å forvalte verneområda og ivareta verneføremålet. Planen bør reviderast jamleg og ha eit perspektiv på minst 10 år.

Forvaltningsplanen skal:

- Presisere og utdjupe verneforskrifta
- Definere overordna forvaltningsmål og bevaringsmål
- Skildre tilstanden for naturmiljø, kulturminne og kulturlandskap, og
- synleggjere trugsmål både innanfor og utanfor vernegrensa
- Omhandle status for og behov frå ulike brukarinteresser (t.d. landbruk,
- friluftsliv, reiseliv, med fleire)
- Konkretisere ønskja og naudsynte tiltak i verneområda
- Legge til rette for gode rutinar i handsaminga av dispensasjonssaker etter
- verneforskrifta.

### Plan for revidering:

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



| Når             | Kven:              | Kva:   |
|-----------------|--------------------|--|
| Vinter/vår 2024 | Forvaltar          | Medverknad ulike interessegrupper - Folkemøter/samlingar |
| Vår 2024        | Forvaltar          | Utarbeide utkast til forvaltningsplanar                  |
| Haust 2024      | Miljødirektoratet  | Fagleg godkjenning                                       |
| Haust 2024      | Forvaltar          | Tilpassingar etter fagleg godkjenning                    |
| Haust 2024      | Nasjonalparkstyret | Vedtak planutkast  |
| 2024/2025       | Forvaltar          | Plan på høyring med handsaming av merknader og innspel   |
| 2025            | Nasjonalparkstyret | Vedtak av endeleg forvaltningsplan                       |
| 2025            | Miljødirektoratet  | Godkjenning forvaltningsplan                             |
| 2025            | Forvaltar          | Utsending av plan  |

**ST 18/25 Referatsaker**



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Ullensvang kommune  
Opheimsgt. 31  
5750 ODDA

Bustyret etter Folgefonna  
sommarskiser AS  
ved Sparebanken Vest,  
Lars Audun Torvik.

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/16502-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 16.01.2025

## Innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark i Jondal – uttale frå Folgefonna nasjonalparkstyre

Styret i Folgefonna Nasjonalpark er kjend med at Visitfonna AS er konkurs. Dette vil kunna påverka korleis innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark framstår og vert vidareført.

Nasjonalparkstyret bed kommunen og bustyret sørge for:

- At det vert stilt krav i buet om å få rydda opp i naturen etter over 30 års drift av skiheis dersom det ikkje vert vidare drift. Dei største tinga er skiheisen som er på sjøve breen, snøkanonanlegg bolta fast i fjellet, gammal brakkerigg, elles anna skrot som er lagra rundt velkomstsenteret. Som innfallsport til nasjonalparken, for anna næringsaktivitet med naturen som verdiskapar, samt tradisjonelt friluftsliv i området er dette viktig.
- Ullensvang kommune må bidra til å få på plass og utvikla velkomstsenteret som besøksmål til nasjonalparken uavhengig av kven som no overtek bygget. Velkomstsenteret (besøksmålet) må vere med på å invitere folk inn i nasjonalparken, men gjere det gjennom kunnskap så det ikkje medfører risiko og ulykker. Enten oppleve breen med guide, eller at ein har nok kunnskap sjølv, evt. merka skiruter osv. Det er eit stort behov for merking/barrierar (særleg om hausten) og formidling av kunnskap om farar og bruk av den sårbare naturen kring velkomstsenteret og nasjonalparken, spesielt no når brearmen ved skiser smeltar veldig og endrar seg. Dette bør vera eit samarbeid mellom kommune og Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Ullensvang kommune må sørge for at det ikkje blir privatisering av innfallsporten/trase frå skiser inn til nasjonalparken, dersom skiheis no forsvinn blir det meir plass. Det er viktig at ein kan ferdast fritt her utan faste basecampar osv. som skaper støy. I områda tett på nasjonalparkgrensene må ein ikkje tillate faste installasjonar som med fører støy, utstrekt scooterkjøring osv. som ein også ser og høyrer om ein er relativt langt inni nasjonalparken.

---

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Nasjonalpark</b>        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| <b>Landskapsvernområde</b> | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| <b>Naturreservat</b>       | Langebudalen   |



- Det er viktig at bustyret bidreg til at ny eigar legg til rette for innfallsport til Folgefonna nasjonalpark og bruk av naturen i tråd med verneverdiane.

Med helsing

Sigrid Brattabø Handegard  
*Styreleiar Folgefonna nasjonalparkstyre*

Astrid Bakke Haavik  
*nasjonalparkforvaltar*

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Ullensvang kommune  
Opheimsgt. 31  
5750 ODDA

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/13980-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 27.01.2025

## Etterspør informasjon frå kommunen - Folgefonna nasjonalpark - kjøre hundeslede - Monica Hundseid

Folgefonna nasjonalparkstyre har ein søknad inne til handsaming om organiserte turar med hundeslede på Nordfonna i Folgefonna nasjonalpark. For å sikre ein god handsaming av saka etterspør styret meir informasjon om aktiviteten utanfor verneområdet og korleis Ullensvang som mynde og grunneigar handterer hundecamp ved sommarskiseret.

### Bakgrunn for saka

Folgefonna nasjonalparkstyre fekk i 2023 søknad om å etablere eit tilbod med guida turar med hundeslede på Nordfonna. Styret gav løyve for turar i eitt år og det vart køyrt turar frå mai til juli sesongen 2024. Basecamp for hundar, gjester og guidar vart etablert utanfor vernegrensene innanfor reguleringsområdet for sommarskiseret.

Nasjonalparkstyret sitt mandat i saka er å sørge for at organisert ferdsel i området ikkje påverkar verneverdiane negativt, gjennom t.d. ureining, støy, ulempe for enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging osv. Då det hausten 2024 kom søknad om å drive hundesledeturar i ein sesong til sendte nasjonalparkstyret saka på ein innspelsrunde til ulike aktørar som har interesse i området, blant anna Ullensvang kommune som grunneigar og planmynde. Gjennom innspel frå andre aktørar i området kom det fram at hundecampen har hatt negative effektar både innanfor nasjonalparken (støy frå hundar og snøskuteraktivitet tett på vernegrensa som har bore langt inn i verneområdet) og utanfor. Campen er mellom anna etablert rett over den mest brukte ferdselsåra inn på breen, både for breførarlaget og for private brevandrarar.

### Nasjonalparkstyret ønskjer svar på:

- Er det ein dialog mellom søkjar og Ullensvang kommune i dag?
- Har plassering og omfang av hundecamp vorte handsama av kommunen etter plan og bygningslov etter gjeldande reguleringsplan? T.d. er tiltaka søknadspliktige, og er då alternative plasseringar av basecamp vurdert?
- Har Ullensvang kommune ein dialog med aktørane på denne viktige innfallsporten for å sikre godt samarbeid framover, særleg i lys av konkurransen på sommarskiseret?

Med helsing

---

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Nasjonalpark</b>        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| <b>Landskapsvernområde</b> | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| <b>Naturreservat</b>       | Langebudalen   |



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

---

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

H M Dronning Sonja  
Det Kgl. Slott  
0010 Oslo

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/16502-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 03.02.2025

## Invitasjon til å feire Folgefonna nasjonalpark 20 år, FNs breår og friluftslivets år 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025

Den 14. mai 2005 hadde vi den store æra å ha Hennar Majestet Dronning Sonja til stades ved opninga av Folgefonna nasjonalpark i Bondhusdalen. Tida har flogge, og no feirar vår kjære nasjonalpark sitt 20-årsjubileum.

Folgefonna nasjonalparkstyre og Folgefonnsenteret har glede av å invitere Dronninga tilbake til Bondhusdalen og Folgefonna nasjonalpark i samband med at nasjonalparken er 20 år. Jubileet samanfell med FN sitt år for bevaring av brear og friluftslivets år som vi også vil markere. Vi ønskjer å invitere Dronninga saman med borneborna H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandra og Prins Sverre Magnus og vonar de kan finne ei tid som passar for dykk mellom mai og september.

Vi planlegg å markere jubileet i Bondhusdalen og invitere den yngre generasjonen til ein spanande og spektakulær bretur på den historiske vandreruta, den gamle turistvegen over Folgefonna. Turen startar i Bondhusdalen, der vi vil ha ei kort orientering om nasjonalparken og historia til området. Deretter går vi opp til Fonnabu turisthytte for overnatting, der vi vil nyte ein tradisjonell norsk middag.

Dagen etter held turen fram over breen til Buerdalen, der vi vil ha ei lita pause for å nyte den storslåtte utsikta og lære meir om breen og økosystemet rundt. Turen avsluttast ved nasjonalparkgarden, der vi vil ha ein lunsj og mottaking med lokale spesialitetar og underhaldning.

Med djup respekt og forventning ser vi fram til Dronninga sitt svar.

Med helsing

Sigrid Brattabø Handegard  
leiar, Folgefonna nasjonalparkstyre

Thea Vaage  
leiar, Stiftinga Folgefonnsenteret

*Dokumentet er elektronisk signert*

---

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Nasjonalpark</b>        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| <b>Landskapsvernområde</b> | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| <b>Naturreservat</b>       | Langebudalen   |

ODDA/ULLENSVANG TURLAG  
Postboks 366  
5751 ODDA

Trondheim, 24.01.2025

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2025/1307

Saksbehandler:  
Hege Langeland

## Omgjøring av Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak – Miljødirektoratet endrer vedtak om sikringshytte

Vi viser til Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 24.10.2024. Miljødirektoratet har tatt vedtaket opp til vurdering fordi naturmangfoldloven § 48 er en snever unntaksbestemmelse og forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark ikke åpner for å gi dispensasjon for sikringshytter.

### Vedtak

Miljødirektoratet endrer Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 24.10.2024 slik:

Punkt 1 i vedtaket, "*Løvet gjeld bygging av sikringsbu med ytre mål 6,01 m x 5,44 m i samsvar med byggeteikningar vedlagt løvet*", og punkt 9 i vedtaket "*Byggjearbeid skal vere avslutta og plassen rydda for byggeavfall innan 01.12.2025*" endres til:

**1. Tillatelsen gjelder bygging av sikringsbu inntil 15 m<sup>2</sup> for nødssituasjoner.**

**9. Byggjearbeidet skal vere avsluttet og plassen ryddet for byggeavfall innan 01.12.2026.**

Vedtaket er fattet etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd og naturmangfoldloven § 48 første alternativ.

### Bakgrunn for saken

Folgefonna nasjonalparkstyre ga Odda/Ullensvang turlag tillatelse til bygging av sikringshytte til Holmaskjer turisthytte i vedtak 14.03.2024. Miljødirektoratet oppheva 15.05.2024 tillatelsen fordi nasjonalparkstyret hadde gått ut over rammene som gjelder for dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48.

I nytt vedtak 24.10.2024 får Odda/Ullensvang turlag tillatelse til bygging av ei noe endret sikringshytte sammenlignet med tidligere tillatelse:

- Med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gir Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til å byggje ei sikringsbu ved Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med følgjande vilkår:*
- 1. Løyvet gjeld bygging av sikringsbu med ytre mål 6,01 m x 5,44 m i samsvar med byggeteikningar vedlagt løyvet.*
  - 2. Plasseringa av sikringshytta skal samsvare med situasjonskart (Figur 4)*
  - 3. Eksisterande bygg for toalett og vedskjul skal fjernast innan 5 år og plan for ny sanitærløysing vert utarbeidd saman med nasjonalparkstyret*
  - 4. Holmaskjer turisthytte skal halde fram som sjølvbetent hytte og ikkje auke tal sengeplassar.*
  - 5. I driftsfasen av den nye sikringshytta skal nivået på motorferdsel liggje på dagens nivå, som er 4 turar helikopter og 8 turar med snøskuter i året*
  - 6. Om sikringshytta mister sin funksjon eller blir øydelagt, har tiltakshavar ansvar for å fjerne bygget*
  - 7. Ved vesentlege endringar i byggjeprojektet skal nasjonalparkstyret bli underretta. Dette gjeld endringar i framdrift, grunntilhøve, fasade og anna.*
  - 8. Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggjearbeidet og handtere avfall og rivingsmateriale forsvarleg.*
  - 9. Byggjearbeid skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.12.2025.*
  - 10. Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til nasjonalparkstyret ved forvaltar.*
  - 11. Naudsynt motorferdsel må søkast om i eigen søknad. Søknaden må ha gode utrekningar på tal hiv og estimere om lag når det er aktuelt å fly.*

Miljødirektoratet varslte Odda/Ullensvang turlag og Folgefonna nasjonalparkstyre i brev 14.11.2024 om at vi vurderte å omgjøre vedtaket etter forvaltningsloven § 35.

Odda/Ullensvang turlag (OUT) uttalte seg til varselet i brev 28.11.2024. Turlaget har uttalt at:

- I søknad frå OUT til Folgefonna nasjonalparkstyre under overskrift "søknadsprosess" går det fram at vi ikkje vil leggje til rette for hund i sikringshytta eller bruk av sikringshytta utan ein naudsituasjon.*
- Det er ellers gjort store endringar i utforming av sikringshytta, storleik er meir enn halvert i storleik og senka mønehøgde med 60 cm.*
- Ei sikringshytta må etter vårt syn ha minimumsløysingar som senger, høve til matlaging og vedovn. Hovudhytta har 18 senger + madrasser, ei sikringshytta lyt vera på ein storleik som kan ta imot dei som oppheld seg på hovudhytta i ein naudsituasjon. Kjøkken, stua og vaskerom er berekna til eit minimum av sikringshytta sitt areal, og hovudføremålet med bygget er varme og overnatting i krisesituasjonar.*
- OUT presiserar igjen at vi vil ikkje nytta sikringshytta for å utvida kapasitet på Holmaskjer, men for å ivareta tryggleiken til dei besøkande. Det var bakgrunnen til at OUT starta prosessen, vår vurdering er at hovudhytta har god nok kapasitet for å ivareta besøkande i ein normal situasjon.*

- Når det kjem til sanitærløysing er det dokumentert i kapittel om "Avløpshandtering" at turlaget ynskjer å sjå på ei løysing med lukka toalett inne i hytta. Det vil føra til at det ikkje gir auka utbygging på Holmaskjer med unntak av sikringshytta. Toalett og vedskjul har omlag eit samla areal på 8 m<sup>2</sup>, ved eventuelt løyve til ny sikringshytta vil ein då få totalt nytt utbyggingsareal på 24 m<sup>2</sup>. Med ei slik løysing vil det verta same antal bygg på Holmaskjer, ein auke i BYA på 24 m<sup>2</sup> og ein god og miljøvennleg toalettløysing.
- OUT har forståing for miljødirektoratet si bekymring rundt nybygging i verneområdet, og er såleis positive til at dispensasjonar vert følgd opp. Vår vurdering og forvaltningsmynde si vurdering som går fram av saksframlegg til vedtak er at ei sikringshytta ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Det vil auka tryggleiken til besøkande i nasjonalparken som gjer at OUT framleis kan drifta turisthytta på Holmaskjer.

Folgefonna nasjonalparkstyre har uttalt følgende i brev 28.11.2024:

- Det er ikkje opna for å gi løyve til sikringshytter til turisthyttene i dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark. Då dette vart påpeikt under verneprosessen har Fylkesmannen vurdert at dei ikkje ønskjer å spesifisere dette i vernereglane, men dei opnar for at søknader om sikringshytter skal kunne vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen. Då naturmangfaldlova vart vedteken vart den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta tilsidesett av § 48. Nasjonalparkstyret meiner difor at det må vere ei opning for å vurdere løyve til ei sikringshytte etter § 48. Det er då viktig at ei sikringshytte ikkje påverker verneføremålet nemneverdig eller forringar verneverdiane.

Om tilrettelegging for hunder skriv nasjonalparkstyret at dette er en feil i saksfremstillingen og at denne ordlyden henger igjen fra tidligere søknad. I søknaden fremgår det at det ikke er tilrettelagt for overnatting med hunder eller bruk av sikringshytta utenom i nødsituasjoner.

- Nasjonalparkstyret har ikkje vurdert desse andre grunnane i denne søknadsrunden og vi har berre sett på hytta som ei sikringshytte. Sikringshytta er samanlikna med andre sikringshytter som DNT har på andre sjølvbetente hytter i verneområde (nettsøk gjort via ut.no i september 2024). Desse varierer i areal frå 10-30 kvm. Fleire ivaretek fleire funksjonar på same tid; toalett, hunderom, avfallsrom, osv. I vilkår og løyve har vi føresett at sikringshytta IKKJE skal ha andre funksjonar enn ei naudhytte. DNT har som vanleg praksis at sengeplassar i sikringshytter også tel med i totalt tal senger, medan vi har sett vilkår om at tal sengeplassar skal vere det same i vedtaket. Slik sett har nasjonalparkstyret lagt seg på ein strengare line enn det som er vanleg praksis for sikringshytter i andre tilsvarande verneområde (utan at forvaltar kjenner til regelverket for kvart enkelt verneområde eller historikken for når desse sikringshyttene er bygde, t.d. om dei er bygde før vernet var trådt i kraft).
- Det er ikkje lagt opp til auka overnattingskapasitet, det er ikkje søkt om det i denne runden og at det er med i søknaden skuldast ein feil frå forvaltar. Vi legg ved søknaden i uttalen vår. Det har gjennom heile søknadsprosessen vore meininga at ny toalettløysing skal realiserast innanfor eksisterande utbygd areal, altså at ny toalettløysing skal byggjast inn i hovudhytta eller sikringshytta. Dette skulle vore ytterlegare presisert i forvaltar sitt framlegg, og har heile tida vore med i dialogen mellom OUT og nasjonalparkstyret.

- *I vilkåra i vedtaket frå nasjonalparkstyret har vi skrive: «Eksisterande bygg for toalett og vedskjul skal fjernast innan 5 år og plan for ny sanitærløysing vert utarbeidd saman med nasjonalparkstyret». I telefondialog med sækjar ved Håvard Apold har turlaget uttrykt ønske om å flytte toalettløysinga inn i hovudhytta, sidan dei ikkje fekk løyve til forslaget sitt for toalettløysing i sikringshytta. Arbeidet med å planleggje dette er ikkje starta enno og planen er å starte dette når sikringshytta er sett opp, då det er krevjande for ein frivillig organisasjon med to prosjekt til same tid og at arbeidet vil krevje ombygging inne i hovudhytta, som då vert indisponibel. Nasjonalparkstyret ville ikkje låse turlaget til ei løysing som ikkje er prosjektert enno og ville opne for at det var mogleg å finne fleire løysingar for toalett innanfor det samla arealet av hovudhytta og sikringshytta. Det viktigaste poenget var å få vekk dagens toalettløysing. Det er beklageleg at det ikkje kjem tydlegare fram i vedtaket kva som har vore intensjonen til turlag og nasjonalparkstyre.*
- *Det eksisterande uthuset på staden ligg 6 meter frå hovudhytta og er difor svært utsett for brannsmitte og difor lite eigna som sikringshytte (byggteknisk forskrift krev minimum 8 meters avstand mellom bygg i denne risikoklassen: <<https://www.dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/11/iii/11-6>) Topografien rundt bua gjer også svært krevjande å utvide på denne tomte og svært krevjande å få til ei varig toalettløysing som sikrar omgjevnadene mot ureining. Nasjonalparkstyret har difor i arbeid med søknaden vurdert at det er ei betre løysing for verneverdiane å rive dette bygget og tillate ei sikringshytte som kan ivareta funksjonen som rømningshytte og ev toalett på eit betre eigna areal.*

## Miljødirektoratets vurderinger

Formålet med Folgefonna nasjonalpark er etter forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 2 å ta vare på "eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre."

Etter forskriften § 3 punkt 1.1 er det et forbud mot nye inngrep i landskapet.

Verneforskriften skal sikre området mot utbygging og nye inngrep, og åpner ikke for at forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til nye sikringshytter. Dispensasjon til ei sikringshytte kan gis etter naturmangfoldloven § 48 dersom vilkårene i denne bestemmelsen er oppfylt.

Etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd kan et klageorgan omgjøre underinstansens vedtak til skade for den vedtaket retter seg mot dersom private eller offentlige interesser tilsier det.

Miljødirektoratet vil først vurdere om det er adgang til å gi dispensasjon til ei sikringshytte etter naturmangfoldloven § 48. For at det skal være adgang til å gi dispensasjon må vilkårene i et av alternativene i bestemmelsen være oppfylt. I saksfremstillingen fremgår det at ny søknad er vurdert etter § 48 første alternativ, og det er gjort denne vurderingen:

*Det skal vere høg terskel for å få løyve til nybygg i verna område i Noreg, og det skal berre vurderast ved tungtvegande grunnar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt nok for å handsama saka. Sikringsbua vil stå på grunnfjell der det vil ha liten eller ingen negativ verknad på vegetasjon. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området der hytta*

*er tenkt plassert (Artskart og Naturbase sjekka 18.01.2024). Forvaltar meiner tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet i området.*

Vilkårene for å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48 første alternativ er at tiltaket ikke strider mot verneformålet og ikke har nevneverdig påvirkning på verneverdiene.

Det følger av forarbeidene til naturmangfoldloven at denne bestemmelsen ikke kan brukes for å utvide den rammen som er gitt i vernevedtaket. Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.

Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser.

Miljødirektoratet bygger bl.a. på samme kunnskapsgrunnlag som nasjonalparkstyret som omtalt over, jf. naturmangfoldloven § 8. I tillegg legger vi til grunn at tiltaket vil innebære en endring i landskapet ettersom sikringshytta innebærer at mer bebyggelse i området. Videre vil mer naturareal bli beslaglagt. Formålet med nasjonalparken er, som sagt, å ta vare på et tilnærmet urørt naturområde, ikke bare truede arter.

Når det gjelder den konkrete sikringshytta som det nå er gitt tillatelse til, er landskapsvirkningen redusert sammenlignet med tidligere søknad, ettersom arealet er redusert fra tidligere søknad og tillatelse. Sikringshytta hadde opprinnelig ei grunnflate på omtrent samme areal som turisthytta, ca. 70 m<sup>2</sup> med hovedetasje og hems. I siste tillatelse som er gitt har sikringshytta ytre mål på ca. 32,7 m<sup>2</sup>. Mønehøyde er videre redusert.

Vi oppfatter ut fra det som er opplyst at bygningen blir mindre visuelt synlig fra nærområder og naturlige adkomster til Holmaskjer. Hytta er satt på påler. At hytta er reversibel legger vi ikke særlig vekt på, ettersom søknaden i utgangspunktet gjelder ei permanent sikringsbu.

Hvorvidt vilkårene i § 48 er oppfylt beror på en skjønnsmessig vurdering. I utgangspunktet skal det en svært streng vurdering til for å tillate nye bygninger etter naturmangfoldloven § 48. Verneformålet er å ta vare på et stort og tilnærma urørt naturområde, med helheten og variasjonen i naturen fra lavlandet til høyereliggende område med fjell og bre.

Ei sikringshytte vil gi noe påvirkning på landskapet ettersom en øker bygningsmassen, men påvirker ikke annet naturmangfold utover nytt areal som blir benyttet, så lenge bruken av Holmaskjer ikke endres. Vi legger videre vekt på at eksisterende toalett/vedskjul skal fjernes og at antallet bygninger dermed ikke vil øke og den samlede bygningsmassen blir mindre når dette fjernes.

Vi legger også vekt på eventuelle presedensvirkninger tillatelsen kan få, jf. prinsippet om samlet belastning i naturmangfoldloven § 10. I saksfremstillingen er det pekt på at tillatelse i denne

saken ikke vil gi presedens for senere søknader ettersom de andre turisthyttene Fonnabu og Sauabrehytta allerede har nødløsninger og ikke nødvendigvis har det samme behovet.

Slik saken er opplyst, har vi kommet til at ei sikringshytte ikke vil stride mot verneformålet og ikke påvirke verneverdiene mer enn nevneverdig i denne saken. Ut fra dette legger vi til grunn at naturmangfoldloven § 48 første alternativ gir hjemmel for ei sikringshytte, men det må vurderes nærmere hva som er behovet og hva det ut fra dette bør gis tillatelse til.

I vurderingen av om det bør gis tillatelse legger vi vekt på at det til en viss grad må sees hen til at det i vernevedtaket synes forutsatt at dispensasjon kan vurderes etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen. Videre vurderer vi saken som et spesielt tilfelle. Holmaskjer er værutsatt og det kan være utfordrende å evakuere fra stedet ved en ulykke, f.eks. i kombinasjon av brann og uvær/tidspunkt på døgnet som gjør det vanskelig å evakuere.

I vedtaket 24.10.2024 er det gitt tillatelse til ei sikringshytte på 6,01 m x 5,44 m, dvs. 32,7 m<sup>2</sup>. Sikringshytta fremstår som en egen hytte med tilnærmet vanlig funksjonalitet (utenom sanitærløsninger). Det er forutsatt at sikringshytta ikke skal nyttes for andre formål, jf. uttalelsene til nasjonalparkstyret og turlaget. (Saksfremstillingen til vedtaket side 5 om hovedgrunner for ei sikringshytte er feil gjengitt.) I vedtaket er det et vilkår at "Holmaskjer turisthytte skal halde fram som sjølvbetent hytte og ikke øke tal sengeplassar".

Holmaskjer turisthytte har etter det opplyste ei grunnflate på ca. 70 m<sup>2</sup>. Hovedhytta har etter det opplyste mulighet til overnatting for ca. 18 personer, og har et årlig besøk på ca. 200 personer. Hytta er i bruk fra mars til oktober. I turlagets årsmelding for 2023 er det oppgitt at de hadde to fellesturer til Holmaskjer i 2023, og at det var 138 betalende gjester på Holmaskjer i 2023 kontra 141 i 2022.

Behovet for en ny bygning er å ha et sted å evakuere gjester i tilfellet brann el. på hovedhytta og når det er vanskelig å komme seg i sikkerhet på annen måte, f.eks. pga. værforhold eller tid på døgnet.

Ut fra tegningene er det lagt opp til stue, kjøkken og gang på 17,8 m<sup>2</sup> og hems, dvs. med tilnærmet full funksjonalitet som ei turisthytte. Miljødirektoratet viser til at selv om tidligere areal på sikringshytta er redusert, er fortsatt store deler av sikringshytta påtenkt et fellesareal og det er lagt opp til flere soverom. Utforminga gir ikke en minimumsløsning for et evakueringssted i en nødssituasjon slik vi ser det.

Det er i verneforskriften ikke åpnet for å gi tillatelser til sikringshytter. Når det gis tillatelse etter naturmangfoldloven § 48 må det vurderes hva som er et nødvendig behov. Miljødirektoratet vurderer at ut fra formålet med nasjonalparken at tillatelse må gjelde en minimumsløsning og at det ikke bør gis tillatelse til ei fullstendig hytte. Ut fra en skjønnsmessig vurdering, mener vi at det kan gis tillatelse til ei sikringsbu på inntil 15 m<sup>2</sup>.

Miljødirektoratet har etter dette kommet til at nasjonalparkstyrets vedtak bør omgjøres etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd, ettersom vi mener at hensynet til offentlige interesser tilsier det. Hensynet er å ivareta formålet med vernet av Folgefonna nasjonalpark. Vedtaket er

forhåndsvarslet og fattet innenfor de tidsfrister bestemmelsen krever, dvs. varslet innen tre uker og nytt vedtak fattet innen tre måneder.

Vi vurderer at øvrige vilkår i tillatelsen bør videreføres. Det er et vilkår at eksisterende bygg for toalett og vedskjul skal fjernes innen 5 år og plan for ny sanitærløsning skal utarbeides sammen med nasjonalparkstyret. Vi mener det er noe uheldig at toalettløsning ikke er omsøkt og behandlet sammen med resten av byggetiltakene. Dette kunne i større grad sikret at en ser alle byggetiltakene på Holmaskjer i sammenheng og sikre en samordning av byggeaktivitet og transport. Vi forutsetter at toalettløsning skal løses innenfor eksisterende bygningsmasse slik nasjonalparkstyret har opplyst, noe som i praksis innebærer at toalett må etableres inne i hovedhytta.

Vilkåret i punkt 9 endres til at byggearbeid skal være avsluttet og plassen ryddet for byggeavfall innen 01.12.2026, i stedet for 1.12.2025, pga. tiden som har gått.

## Klagerett

Dere kan klage på vedtaket. Fristen for å klage er tre uker fra dere har mottatt dette brevet. Klagen sendes til Miljødirektoratet.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Ivar Myklebust  
avdelingsdirektør

Terje Qvam  
seksjonsleder



Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Trondheim, 27.02.2025

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2025/8413

Saksbehandler:  
Hege Langeland

## Skjøtsel og kjøring av ved

Enkelte verneområde- og nasjonalparkstyrer bruker tiltaksmidler for tilførsel av ved til åpne hytter og til bålplasser. Det er uttalt at dette bl.a. gjøres for å hindre hogst i verneområdet. Det har på bakgrunn av dette kommet opp spørsmål om motorferdsel for vedkjøringen er å anse som skjøtsel etter naturmangfoldloven § 47.

Formålet med denne veiledningen er å sikre at § 47 ikke brukes som hjemmel for tiltak som faller utenfor lovbestemmelsen.

### Hva faller inn under skjøtselshjemmelen i naturmangfoldloven § 47?

Etter naturmangfoldloven § 47 er skjøtsel tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep.

Bestemmelsen gjelder tiltak som direkte opprettholder/bedrer den naturtilstanden som er angitt i verneformålet. Den konkrete utformingen av formålet i den enkelte verneforskrift har derfor stor betydning for hvilke tiltak som kan utføres. Fordi skjøtselsbestemmelsen er knyttet opp mot naturtilstanden, er bestemmelsen tolket til å ikke dekke tiltak som utføres for friluftslivsformål. Skjøtsel er videre bare tiltak som skjer i regi av forvaltningsmyndigheten.

Forarbeidene til naturmangfoldloven (Ot.prp. nr. 52 2008-2009) nevner bl.a. følgende eksempler på hva som ligger innenfor § 47:

- hogst og utrydding av fremmed vegetasjon
- opprydding etter tidligere naturinngrep med fjerning av forfalte anlegg
- enkel merking eller anlegg av stier, klopper mv. i verneområdet der det er nødvendig for å kanalisere ferdselen for å beskytte verneverdiene

Det følger videre av forarbeidene at forvaltningsmyndighetens rett til å utøve skjøtsel også dekker nødvendig motorferdsel i verneområdet i den forbindelse. Dersom det er nødvendig for å gjennomføre skjøtselstiltak etter naturmangfoldloven § 47, kan forvaltningsmyndigheten også benytte motorferdsel på eiendom utenfor verneområdet, se naturmangfoldloven § 72 tredje ledd.

Skjøtselstiltak skal videre varsles grunneier.

### Tilførsel og utkjøring av ved

Tilførsel av ved til åpne hytter eller bålplasser anses ikke for å være skjøtsel som kan gjøres med hjemmel i naturmangfoldloven § 47. Utkjøring av ved for å forebygge at noen begår ulovlige handlinger gjennom ulovlig hogst, kan ikke regnes som skjøtselstiltak. Å utstyre hytter med ved, anser vi videre for å være en del av den virksomheten som eiere av hyttene har.

Det er verneforskriftens bestemmelser som er avgjørende mht. hva som er tillatt mht. uttak av trevirke for bålbrekking. Ulovlig uttak av trevirke/hogst bør forebygges med god informasjon. Eventuelle brudd på verneforskriften bør følges opp som en ulovlighets sak om mulig.

Når tilførsel av ved ikke anses som skjøtsel, vil motorferdselen for å kjøre ut ved ikke kunne gjøres etter naturmangfoldloven § 47. Dette betyr at Statskog, DNT og andre aktører må søke forvaltningsmyndigheten om tillatelse til motorferdsel etter verneforskriftene for å kunne kjøre ut ved til hytter.

Forvaltningsmyndigheten kan ha adgang til motorferdsel for forvaltningsoppgaver i verneforskriften. Dersom verneforskriften har en bestemmelse om dette, kan motorferdsel utføres med hjemmel i denne dersom vedkjøringen vurderes å være oppgaver for å fremme verneformålet, dvs. en forvaltningsoppgave. I tilfellet bør motorferdselen begrenses mest mulig og om mulig samordnes med annen transport i området. For andre tilfeller må motorferdselen omsøkes, og styret kan behandle en søknad om dette etter verneforskriften selv om det gjelder for egen virksomhet.

Selv om motorferdselen kan være hjemlet i en bestemmelse om adgang til motorferdsel i forbindelse med forvaltningsoppgaver, kreves grunneiers tillatelse og tillatelse etter motorferdselloven. Dette er annerledes for motorferdsel etter § 47, hvor det ikke kreves tillatelse fra grunneier. I praksis er det videre lagt til grunn at motorferdselloven ikke er til hinder for motorferdsel ved skjøtselstiltak etter § 47.

### Kort om bruk av tiltaksmidler

Tiltaksmidler er øremerket tiltak som kan forbedre eller opprettholde verneverdiene. De kan også benyttes til tilretteleggingstiltak, men innenfor visse rammer. Det er ikke slik at tiltak det gis midler til automatisk er å anse som skjøtsel som faller inn under § 47. Forvaltningsmyndigheten må vurdere konkret om tiltak faller inn under skjøtselshjemmelen i § 47 eller om det kreves dispensasjon etter verneforskriften.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Terje Qvam  
seksjonsleder

Hege Langeland  
seniorrådgiver

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statsforvalteren i Troms og Finnmark  
Statsforvaltaren i Vestland  
Statsforvaltaren i Rogaland  
Statsforvalteren i Agder  
Statsforvalteren i Innlandet  
Statsforvalteren i Nordland  
Statsforvalteren i Trøndelag  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og  
Akershus

Postboks 2520 6404 MOLDE  
Postboks 700 9815 VADSØ  
Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER  
Postboks 59 4001 STAVANGER  
Postboks 504 4804 ARENDAL  
Postboks 987 2604 LILLEHAMMER  
Postboks 1405 8002 BODØ  
Postboks 2600 7734 STEINKJER  
Postboks 2076 3103 TØNSBERG  
Postboks 325 1502 MOSS

**ST 19/25 Delegerete saker**



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

INVERCODE AS  
c/o Christer Fasmer Wolffs gate 3  
5006 BERGEN

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2025/2506-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 24.02.2025

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 2/2025 |
|----------------|--------|

# Korrigert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til å fly med drone - Flimmer Film

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

**Flimmer Film får løyve til å fly med drone inne i Folgefonna nasjonalpark i samband med produksjon av film. Løyvet gjeld for inntil ein time total flygetid inne i nasjonalparken 22. september 2024.**

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, og gjeld på desse vilkåra:

- Det skal ikkje flygast på sundagar.
- Det skal ikkje flygast nærmare friluftsbukarar i området enn 500 meter.
- Det filma materialet skal berre brukast i den omtalte filmen som søknaden gjeld, og det skal kome klart fram at det er eit verna område og at filminga skje med løyve.
- Rapport over utført flyging skal sendast til [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no) med referanse 2024/6823.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigar og for at aktiviteten er i tråd med FOR-2015-11-30-1404 Forskrift om luftfartøy som ikkje har fører om bord mv.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Dokument i saka

- Søknad om filming av drone på Folgefonna frå Flimmer Film.
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Strategi for handsaming av dronesaker – Folgefonna nasjonalparkstyre

## Søknaden

Flimmer Film ved Christer Fasmer søker om å få bruke ei mindre drone på Folgefonna, i samband med produksjon av ein film om brevandring. Filmen skal visast fram på Folgefonnsenteret. Det er filma på breen sammen med to guider. Eg var ikkje klar over at det måtte søkes om bruk av drone i forkant, men vi ble enige på dagen, da forholdene var fine, og sammen med guidene ble alle forhold ivaretatt. Vi valgte derfor å gjøre noen få opptak med drone og søke i etterkant. Filminga er gjort frå toppen av skisenteret og sørvestover mot Juklavatnet.

## Verneforskrift og verneformål

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark. Det går fram av verneforskrifta for Folgefonna § 3, punkt 7.2:

### 7.2 Støy

*Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.*

Der er ingen spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta som gjeld bruk av drone, og søknaden skal derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48:

### **§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)**

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Her er det første ledd i regelen (mi understreking) som er aktuell å bruke. Dersom ein kan vise til at aktiviteten ikkje strider i mot verneføremål eller påvirkar verneverdiane nevneverdig, kan ein gje løyve til aktiviteten. Vi må då sjå til føremålet med vernet av Folgefonna, som står i verneforskrifta § 2:



## § 2. Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekomstar
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Ein kan ikkje seie at bruk av ei mindre drone, i eit avgrensa tidsrom, er i strid med verneføremålet. Ein skal likevel ta med seg at «Ålmenta skal ha høve til naturoppleving [...]», og ein må derfor passe på å ikkje opne for aktivitet som kan redusere den opplevinga i nemneverdig grad.

I tidsrommet det er filma og oppe på sjølve breen og det omkringliggende landskapet, kan vi ikkje sjå at der er andre verneverdiar som vil bli nemneverdig påverka av aktiviteten. Vi kan derfor slå fast at dispensasjonsheimelen i nml § 48 første ledd kan brukast.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør nml § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8 – 12.

Søkjær er sjølv ansvarleg for å ha løyve og godkjenningar frå kommune, grunneigar og luftfartsmyndigheiter i den grad det er naudsynt.

Folgefonna nasjonalparkstyret har i styrevedtak ST 3/17 delegert vedtaksmynde i kurante saker der forvaltar til dømes kan støtte seg på retningslinjer som tidlegare er vedtekne av styret.

## Vurdering

Sjølv om vi no har slått fast at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve gjennom nml § 48, so skal det framleis gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det faktisk er tilrådeleg å gje løyve. Mellom anna må ein sjå til dei retningslinjer og forvaltningspraksis som forvaltninga har lagt til grunn tidlegare. Folgefonna nasjonalparkstyret vedtok i 2018 retningslinjer for handsaming av dronesøknader. Der er det ei matrise som legg føringar for vurdering av ulike type søknader.

| Type søknad                            | Løyve?         | Vilkår ved ja / grunngeving på avslag  | Eksempelsaker ephorte |
|--|----------------|--|-----------------------|
| Naturprogram, Formidling av Folgefonna | Ja, med vilkår | Styre unna sårbare område på sårbare årstider<br>Ikkje forstyrre friluftslivet |                       |

Denne saka sorterer under «formidling av Folgefonna», og retningslinjene frå styret seier derfor at dette er ein type søknad som kan få løyve på vilkår. Og at vanlege vilkår vil vere av omsyn til sårbare område og omsyn til friluftsliv. Det er uheldig at søkjær har floget med drone



utan å søkje. Forvaltar ser at regelverket kan vere vanskeleg å setje seg inn i og ha oversikt over, då det er ulike reglar for drone i alle verneområda våre og har vore gitt motstridande beskjed tidlegare. I dette tilfellet ville søkjar fått løyve om dei hadde søkt før, då tiltaket fell innanfor formidling av verneverdiane då det er filma til ein informasjonsfilm som skal visast på Folgefonnsenteret, som ein del av formidlinga der.

I denne tida på året og denne delen av nasjonalparken er det lite sårbart dyreliv og planteliv å ta omsyn til. Dette er etter hekke- og yngletida. Omsyn til friluftsliv må ein derimot ta på denne tid av året. Ein bør so langt som muleg råd unngå å forstyrre friluftsbukarar i området, til dømes gjennom å unngå tidspunkt med mykje utfart og ved å halde avstand til turfolk.

Filminga er planlagt ved grensa til nasjonalparken. Truleg kan ein god del av filminga føregå utanfor grensa, som ikkje krev løyve frå nasjonalparkstyret.

Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er tilstrekkeleg. Ulike databasar for sårbare naturførekomstar som ligg inne i Fylkesatlas er sjekka.

Det er relativt få dronesaker i Folgefonna nasjonalpark. Omfanget av motorferdsel generelt er lågt. I tillegg er denne saka i tråd med vedtekne retningslinjer og vil derfor ikkje skapa nokon ny presedens. Samla belastning (jamfør nml § 10) er difor innanfor det akseptable.

Etter nml § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og lokalisering skal brukast. Her kan vi vise til at bruk av drone er vesentleg meir skånsom enn bruk av helikopter. Det kan og leggast vilkår om at mest mogeleg av filminga skal leggast på utsida av nasjonalparken. Kravet i nml § 12 er difor oppfylt. Nml §§ 9 og 11 ikkje relevante i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren har rådført seg med styreleiar i saka.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal  
Ullensvang kommune

Opheimsgt. 31

5750

ODDA







**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3138  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Saksbehandlar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2020/8428-0 444

Dykkar ref.

Dato 12.02.2025

## Delegert vedtak

|                |  |
|----------------|--|
| Delegasjonssak |  |
|----------------|--|

### Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Fonnabu - Bergen og Hordaland turlag

#### Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

**Bergen og Hordaland turlag får løyve til å bruke helikopter til Fonnabu til transport av forsyningar til hytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3.g og verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3.b.**

#### Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjelder for inntil tre hiv til Fonnabu i perioden 15.februar til 15.mars
- Det skal ikkje flygast på sundagar
- Løyvet gjeld for transport av ved og andre naudsynte forsyningar, og kan ikkje nyttast til persontransport.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen verte varsla, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på tlf 907 73 117
- Flyginga skal førast i same køyrebok som det fleirårige løyvet og rapporterast på same måte.
- Turlaget er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå kommune og grunneigar

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna                                     |
| Naturreservat       | Langebudalen                                   |
| Landskapsvernområde | Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen |



## Dokument i saka

- Søknad om helikoptertransport av ved til Fonnabu
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark
- Verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - flygeløyve Breidablikk og Fonnabu 2024-2027

## Søknaden

Bergen og Hordaland turlag har søkt om å få transportere forsyningar med helikopter opp til Fonnabu i Kvinnherad. Grunna mykje besøk er lageret av ved snart tomt, og turlaget har derfor behov for og ønske om å transportere opp meir ved før påske.

Bergen og Hordaland turlag søker derfor om å få fly opp 2-3 hiv før påske.

## Regelverk

Fonnabu ligg inne i Folgefonna nasjonalpark. I tillegg vil mest truleg ruta for flyging inn til Fonnabu gå gjennom Bondhusdalen landskapsvernområde. Vi må derfor sjå til verneforskriftene for begge dei to verneområda.

Både i Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde er det i utgangspunktet motorferdsel forbode til lands, vanns og under 300 m over bakken. Transport med helikopter og landing er derfor regulert av forskriftene. I begge verneområda er det derimot opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til flyging og landing med helikopter.

Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark § 3:

6.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*  
[...]

g. *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.*

Verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde § 3:

5.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*  
[...]

b. *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant*

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8 – 12.

Søklar er sjølv ansvarleg for å ha løyve og godkjenningar frå kommune, grunneigar og luftfartsmyndigheiter i den grad det er naudsynt.

Folgefonna nasjonalparkstyret har i styrevedtak ST 3/17 delegert vedtaksmynde i kurante saker der forvaltar til dømes kan støtte seg på retningslinjer som tidlegare er vedtekne av styret.



## Vurdering

Turlaget har eit fleirårig transportløyve, men det gjeld ikkje før 1.mai, og no er det behov for å få opp meir ved før påska kjem. Derfor søker dei om eit «ekstra» løyve for å få løyst denne akutte utfordringa. Dei prinsipielle vurderingane rundt helikoptertransport til DNT-hytter i Folgefonna er grundig handsama i det fleirårige løyvet. Eg går derfor ikkje nærmare inn på dei her, men viser til det som står i det fleirårige løyvet.

Behovet for og ønsket om å få opp meir ved til Fonnabu før ei sopass viktig tid på DNT-hyttene som det påska er, er veldig forståeleg. Brukarane av desse hyttene forventar å finne ved og å kunne fyre opp varme i hyttene. Det er og ein del av beredskapen i området at ein kan gjere det.

Det er søkt om å fly på våren. Då startar yngle- og hekketid for dei fleste artar og det er ei sårbar tid. Særleg i starten av hekketida er det mange fugleartar som vil vere ekstra sårbare. Litt avhengig av art og område, so vil dette gjelde frå slutten av mars og utover. Motorferdsel som skapar støy og uro bør derfor gjerast enten før dette eller etter, i praksis før midten av mars eller etter starten av juni.

Vi viser til dei vurderingane av naturmangfaldlova §§ 8-12 som er gjort i det fleirårige løyvet. Skilnaden frå det fleirårige løyvet er tidspunktet på året, sjå avsnitt over her for vurdering av det. I tillegg vil eit løyve her føre til ei lita auke i det totale omfanget av motorferdsel, men det er innanfor det som vis er på som akseptabelt. Transport no vi dessutan kunne redusere behov for transport seinare i år, og det samla omfanget av motorferdsel blir kanskje ikkje so mykje større.

## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Alf Erik Røyrvik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland  
Kvinnherad kommune  
SNO Rosendal

Njøsavegen 2  
Rosendalsvegen 10

6863 LEIKANGER  
5470 ROSENDAL



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Nancy Langva  
Strondsvegen 134  
5750 Odda

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2025/1051-0 444

Dykkar ref.

Dato 28.01.2025

## Løyve til motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark

Sender vedlagt delegert vedtak frå Folgefonna nasjonalparkstyre.

### Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga  
SNO Rosendal

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

---

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Nasjonalpark</b>        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| <b>Landskapsvernområde</b> | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| <b>Naturresevat</b>        | Langebudalen   |



## Delegert vedtak

### I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 b) gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Nancy Langva løyve til helikoptertransport for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.06 til 01.10 kvart år i perioden 2025 til og med 2028
- Det er gitt løyve til 1 turar pr år for transport av saltstein og anna naudsynt utstyr til husdyrhald inn til området ved Fagradalsfjellet
- Det er i tillegg gitt løyve til inntil 1 tur pr år for å henta ut sau som er i skorfeste i området ved Fagradalsfjellet.
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2025/1051. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

## Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre mottok søknad frå Nancy Langva datert 15.01.2025. Det er søkt om løyve til å fly inn saltstein med helikopter til utmarksbeite i fjellet i samband med småfehald. I tillegg er det ynskje om å ha løyve til å hente ut sau som går i skorfeste i beitesesongen.

Området det er søkt om er området Sjurstræ og Fagradalsfjellet i Ullensvang kommune, sjå kart under.



## Rettsleg grunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*b) motorferdsel i samband med husdyrhald.*

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med å ha sau på utmarksbeite, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.



Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 28.01.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøve å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Ut frå tidsrommet for ferdsel og kjennskap til artsmangfald så er verknaden for naturmangfald vurdert til å vera svært liten og samla belastninga i området avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember.**





**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Steinar Grønsdal  
Reinsnosvegen 104  
5763 SKARE

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/18710-0 444

Dykkar ref.

Dato 17.12.2024

## Delegert vedtak

|                |         |
|----------------|---------|
| Delegasjonssak | 11/2024 |
|----------------|---------|

## Løyve til motorferdsel

### I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Steinar Grønsdal løyve til bruk av snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01 – 01.05 kvart år frå og med 2025 til og med 2028
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for følgjande turar (sjå kart i saka): 10 turar årleg.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagrar  
Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no)
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 15.juni kvart år**. Merk med referanse: 2024/18710. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette


## Søknaden

Steinar Grønsdal søker i epost datert 29.12.2020 om løyve til å køyre med snøskuter til Ormannshaug i Folgefonna nasjonalpark. Strekinga det er søkt om å køyre frå Espeland, via Grønsdalsstølen til Ormannshaug er vist på kart under.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



Søknaden gjeld for transport av ved, material, proviant og utstyr frå Espeland til Ormannshaug. Søkjar leiger/disponerer denne stølen. Det er søkt om 20 turar i året. Grunnen til to alternative løypetrasear er at terrenget ifrå Espeland til Ormannshaug er særskreivande, og då må ein ha alternativ rute for å komme seg opp. Dette med antall turar er og basert på at det kreivande terrenget av og til ikkje er mogleg å komme fram med tunge lass på sleden, og då vert det ekstra tur med halve lass. Det er ein del scootertransport vidare i retning Sandvinstølane og Buer/Jordalstølane så hadde kanskje vore til nytte å hatt mulighet til å kunne hjelpt, slept eller berga nokon av desse om dei er aleine og treng hjelp. Det er langt å gå til Espeland om uhellet er ute.



Figur 1: Søkjar har skissert to ulike løypetrasear

## Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslø etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*



I følge forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12

Søklar har fått løyve i 2010 (15 turar), 2011 (15 turar), 2013 -2015 (7 turar årleg), 2016-2019 (10 turar årleg), 20 turar i 2021, elles 10 turar årleg 2022-2024.

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med drift og vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 05.01.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagdar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Søklar opplyser om eit auka behov for turar for å bytte ut tak og pipe på stølen. Difor er det gitt løyve til 20 turar i sesongen 2021. Tidlegare er det løyvd inn til 10 turar årleg for transport av ved og proviant og forvaltar ser dette som tilstrekkeleg. Om det er naudsynt med fleire turar for vedlikehaldsarbeidet kan ein søkje separat om dette, men dette må grunngjevast og vere for eit avgrensa tidsrom.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at alle fleirårige løyve skal kunne vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei køyrebok for all motorferdsel i verneområdet, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 15.juni**.



## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens Naturoppsyn

Postboks 5672  
Sluppen

7485 TRONDHEIM

Statsforvaltaren i Vestland,  
miljøavdelinga

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER